

Forskrift om skule-/ og feriedagar 2025/2026 for grunnskulen i Fjord kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Fjord kommune 26.03.25 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæring og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 14-2, 2. ledd.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2025-2026. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjelder for elevar ved alle grunnskular i Fjord kommune skuleåret 2025-2026.

§ 2 Skule- og feriedagar skuleåret 2025-2026:

Tabell for skuleruta

MÅNAD	MERKNAD	SKULEDAGAR
2025		
August	Første skuledag er måndag 18. august	10
September		22
Oktober	Hautferie veke 41. Måndag 6. - fredag 10. oktober	18
November		20
Desember	Siste skuledag før jul er fredag 19. desember	15
2026		
Januar	Første skuledag etter jul er måndag 5. januar	20
Februar	Vinterferie veke 8. Måndag 16. – fredag 20. februar	15
Mars	Påskeferie. Måndag 30.mars til og med måndag 6. april.	20
April	Første skuledag etter påske tysdag 7.april	18
Mai	FRI torsdag 1. mai FRI Kristi himmelfartsdag torsdag 14. mai Elevfri dag fredag 15. mai FRI 2. pinsedag måndag 25.mai	17
Juni	Siste ordinære skuledag er fredag 19. juni	15
TOTALT		190

§ 3 Lokale variasjoner

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, for eksempel grunna skuleturar.

§ 4 Iverksetting og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft 1.august 2025 og sluttar 19. juni 2026.